



Bykle kommune
ordføraren

Det Kgl. Olje- og Energidep.
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEP. SAMMUNDET		
04 / 1944	137	
DATE	28 FEB 2005	
NR	521	

Vår ref:
02/00295-8

Sakshandsamar:
Tallak Hoslemo,
☎ 37938531
tallak.hoslemo@bykle.kommune.no

Arkivkode:
S00

Dato:
24.02.2005

Høyring NOU 2004:26 Heimfall

Kommunestyret i Bykle har drøfta saka, og vil gjeve slik samrøystes uttale:

1. Innleiing.

Heimfallsordninga vart innført av Stortinget for om lag 100 år sidan for å sikre eit nasjonalt eigarskap til våre vasskraftressursar. Heimfallsordninga – som gjev private/utanlandske eigarar tidsavgrensa konsesjonar med heimfall til staten, og offentlege eigarar evigvarande konsesjonar – har gjort til at kraftsektoren i dag er eigd av det offentlege med 90 prosent. Kraftsektoren har vore og er ein berebjelke i det norske samfunn, samstundes som sektoren rår over nokre av våre viktigaste naturverdiar.

Når Heimfallsutvalet tilrår endringar i heimfallsreglane, set utvalet i spel grunnlaget for dagens eigarskap i vasskraftsektoren. Samstundes uttalar eit samla utval på side 12:

”Vassdragene representerer fornybare og evigvarende ressurser av stor nasjonal verdi, både økonomisk og miljømessig. I dag er kraftproduksjon den viktigste økonomiske utnyttelsen. Vannkraften utgjør 99 prosent av kraftproduksjonen i landet, og er av grunnleggende betydning for verdiskapingen og velferden. Norge har et unikt fortrinn i å utnytte disse naturressursene til kraftproduksjon. For å sikre at vassdragsressursene blir utnyttet på best mulig måte ut fra samfunnets interesser nå og i fremtiden, er det nødvendig med et godt utbygd system av økonomiske og administrative virkemidler.”

Bykle kommune er einig i denne skildringa av kraftsektoren sin viktige rolle. Når utvalet då tilrår gjennomgripande endringar i heimfallsordninga, burde følgjande føresetnader vere til stades:

- Utvalet har ei klår målsetjing med dei endringar som ein tilrår
- Utvalet har eit klart oversyn over verknadane av dei endringar som ein tilrår

Eit fleirtal på 9 av utvalet sine 12 medlemmer tilrår at konsesjonæren på heimfallstidspunktet skal få ein uavkortet rett til ein part av anlegga etter verdien på dei. Denne retten til ein evigvarande eigarskap vil auke marknadsværdien av kraftanlegga i dag. Dette framlegget vil forsterke presset på sal overfor offentlege eigarar.

Bykle kommune kan ikkje sjå at fleirtalet har konkretisera noko klåre mål med dei endringsframlegg som er fremja. Heller ikkje kan Bykle kommune sjå at fleirtalet har gjeve noko klårt oversyn over dei verknader endringane vil ha, t.d. i høve til dei store samfunnsverdiar som kraftsektoren forvaltar, jfr. det grunnleggande forvaltningsprinsippet i plan- og bygningslova sin § 33-1 om at ” Formålet med en konsekvensutredning er å klargjøre virkninger av tiltak som kan ha vesentlige konsekvenser for miljø, naturressurser eller samfunn”.

Det har tidlegare vorte opplyst at regjeringa har som målsetjing å fremje saka for Stortinget våren 2005, utifrå Heimfallsutvalet si innstilling.

Når innstillinga både manglar ei klår målsetjing og konsekvensutgreiing, vil Bykle kommune motsetje seg at saka vert fremja so raskt utan at desse viktige elementa er til stades.

2. Det framtidige eigarskapet i vasskraftsektoren.

Heimfallsutvalet sitt mindretal, som er samansett av representantane frå KS, LO og LVK har i ein felles uttale som er innteke i kap 10.4.3 kome med framlegg til nye heimfallsmodellar. Der vert det mellom anna uttala:

” Våre vassdrag og vannkraftproduksjonen for Norge har i seg verdier som rekker langt ut over bedrifts- og samfunnsøkonomiske modeller. (...) Disse medlemmer ser det derfor slik at verken skatte- eller konsesjonsreglene fullt ut ivaretar de sterke samfunnsmessige behov for styring og kontroll som foreligger i vannkraftsektoren. Det offentlige eierskapet har derfor en stor egenverdi. (...) Bare gjennom et omfattende offentlig eierskap kan disse verdiene sikres for senere generasjoner.”

Bykle kommune sluttar seg fullt ut til desse kommentarane og til dei grunngevingar som mindretalet har gjeve.

Fleirtalet tykkjest bortimot å ha ei likegyldig haldning til det framtidige eigarskapet i vasskraftsektoren, jfr. følgjande frå s. 142 i utgreiinga:

”Flertallets forslag til fremtidig hjemfallsregime kan likevel innebære økt privat eierandel i kraftsektoren.(...) En eventuell økning av utlendingers eierandel i norsk kraftnæring vil derfor reflektere en allmenn utvikling med sterk vekst i grensekryssende investeringer.”

Bykle kommune vil vise til at uavhengige økonomiske sakkunnige har konkludera med at fleirtalet sitt framlegg ikkje bare ”kan” innebere auka privat og utanlandsk eigarskap, men mest sannsynleg vil gjere det, og at det offentlege utsalet vil verte merkbart. Då dette strir mot kommunen sitt syn på det framtidige eigarskapet i kraftsektoren, vil Bykle kommune motsetje seg fleirtalet sitt framlegg til framtidige heimfallsreglar.

3. Tilhøvet til dagens offentlege eigarar

Dagens offentlege eigarskap er dela mellom staten med 50 % gjennom Statkraft AS, og kommunale og fylkeskommunale eigarar med om lag 40 %.

Bykle kommune eig i dag 0,735 % av Agder Energi AS.

Det er Bykle kommune sitt syn at det spreidde offentlege eigarskap har mange positive sider, og at ei framtidig heimfallsordning bør gjeve grunnlag for ei vidareføring av dette.

Fleirtalet på 9 tilrår at konsesjonæren på heimfallstidspunktet skal få ein uavkorta rett til ein part av dei anlegga som kjem inn i heimfallet. Framlegget skal mellom anna tilgodesjå dei offentlege eigarar som ønskjer å selje ved at "dersom en offentlig eier ikke lenger ønsker å drive med kraftproduksjon vil salgssummen forventes å reflektere den fremtidige konsesjonærens rettigheter ved hjemfallet".

Fleirtalet si tilråding på dette punktet vil med andre ord forsterke det presset til sal som allereie ligg i fleirtalet sitt framlegg. Også av denne grunn vil Bykle kommune motsetje seg fleirtalet sitt framlegg, som direkte er eigna til å undergrave det offentlege eigarskapet ein har i dag.

Det er frå media ei kjent sak at utanlandske kraftføretak er sterkt interesserte i å kjøpe seg inn i norske kraftanlegg. Fleirtalet sitt framlegg på dette punktet motarbeider direkte viktige nasjonale interesser i høve til vasskraftsektoren.

4. EØS-avtalen

Forholdet til EØS-avtalen har vore sentralt for Heimfallsutvalet, og det heiter i kap 10.2.6 at "Det er en sentral premiss for utvalget at forslaget til et fremtidig hjemfallsregime skal være robust i forhold til de forpliktelser Norge har gjennom EØS-avtalen."

Mindretalet sitt framlegg om ein transaksjonsmodell tek sikte på å handsame alle framtidige konsesjonærar likt, uavhengig om desse er offentlege eller private. På denne måten søker mindretalet å ivaretake målsetjinga i EØS-avtalen om fri etableringsrett og fri kapitalrørsle, som er dei reglar som ESA viser til når dei kritiserar ordninga Noreg har i dag.

Det går fram av utvalet si innstilling at den utgreiaren som utvalet har nytta i forhold til spørsmåla om/til EØS-regleverket, har ført fram skepsis til mindretalet sitt framlegg om ein sokalla transaksjonsmodell, og at fleirtalet "har lagt stor vekt" på dette. (s 126) Bykle kommune konstaterar at også staten sine 3 representantar i utvalet høyrer til dette fleirtalet. Vidare konstaterer kommunen at staten så seint som i brev av 19. april 2002 til ESA heldt fram at "konsesjonssystemet med tidsbegrensede konsesjoner og hjemfall er ledd i den statlige forvaltningen av eiendomsretten til vannfallene, og det fremgår av EØS-avtalens artikkel 125 at avtalen ikke på noen måte skal berøre avtalepartenes regler om eiendomsretten."

Bykle kommune sluttar seg til mindretalet sitt syn på at det har utvikla seg ein uhaldbar situasjon i høve til EØS-avtalen. Det er lite tillitsvekkande at den norske stat på den eine sida held fast på at EØS-avtalen ikkje legg avgrensingar på våre konsesjons- og heimfallsreglar, og at ein på den andre sida tilpassar sine synspunkt til at avtalen likevel gjeld fullt ut.

Bykle kommune finn det maktpåliggjande at staten avklårar med ESA om, og i kva omfang EØS-avtalen legg føringar for vår framtidige heimfallsordning.

5. Lengda på konsesjonstida

Eit knapt fleirtal på 7 i utvalet går inn for at den framtidige konsesjonslengda vert sett til 75 år, medan mindretalet på 5 tilrår 60 år, som er gjeldande lengde i dag.

Eit samla heimfallsutval går inn for reglar som gjev monaleg større tilpassning til marknaden enn reglane i dag. Det er Bykle kommune sitt syn at dersom ein får eit regelsett med stor tilpassning til marknaden treng ein eit robust og reelt heimfallsinstitutt. Utifrå den overordna målsetjinga om å behalde eit tungt offentlig eigarskap i vasskraftsektoren også på lang sikt, stør Bykle kommune framlegget frå mindretalet om ei konsesjonstid på 60 år.

6. Private konsesjonærar

Om lag 10 % av kraftforsyninga er eigd av private føretak, då i hovudsak den kraftkrevjande industrien. Om lag 6,5 % av desse har tidsavgrensa konsesjonar med heimfall til staten.

Fleirtalet tilrår å omgjere dagens konsesjonar til nye tidsavgrensa konsesjonar på 75 år frå tidspunktet då lova vert endra, og med evigvarande rett til 1/3 av anlegget for konsesjonæren. Framlegget tykkjest i hovudsak å byggje på EØS-utgreiaren sine konklusjonar.

Mindretalet tilrår å vidareføre dei rettar konsesjonæren har i dag. Fleirtalet sitt framlegg vil føre med seg at dei private får ei utvida konsesjonstid som er lengre enn konsesjonstida var i utgangspunktet. Fleirtalet sitt framlegg vil føre til ei stor overføring av verdiar frå stat og kommune og til privat sektor. Trulegvis på fleire milliardar, og heilt utan vilkår. Ikkje ei gong krav om kvar straumen skal nyttast.

Bykle kommune gjev si tilslutning til mindretalet sitt syn, og viser utover dette til det som er sagt i høve til EØS-avtalen.

Meir enn 30 % av dei private kraftanlegga er i dag heilt konsesjonsfrie fordi dei vart bygt før konsesjonslovene av 1909. Mindretalet går inn for å likestille desse anlegga med dei andre kraftanlegga når det gjeld forholdet til konsesjonslovene.

Dersom det viser seg at det er naudsynt å endre reglane ein har i dag om evigvarande konsesjonar for offentlege eigarar over til tidsavgrensa konsesjonar, er det Bykle kommune sitt syn at også evigvarande rettar hjå dei private konsesjonærane må omgjerast på same måte.

7. Vertskommunane sine interesser

Heimfallsutvalet tilrår å vidareføre gjeldande reglar for rørde vertskommunar, men med visse avgrensingar i gjeldande trappetrinnsreglar. Framlegget, saman med tilrådinga om å innføre tidsavgrensa konsesjonar for alle, vil føre til at omfanget av anlegg som vert omfatta av heimfall aukar monaleg.

Bykle kommune stør framlegget om vidareføring av vertskommunane sine rettar, og framlegget til ny trappetrinnsregel, slik eit samla utval går inn for.

8. Oppsummering

Bykle kommune sitt syn kan oppsummerast slik:

- a. Heimfallssaka gjeld eigarskap til vasskraftsektoren og omfattar vitale verdiar for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar.
- b. Eit tungt og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsreglar må ha som målsetjing framleis å stimulere til slikt eigarskap.
- c. Fleirtalet sitt framlegg gjev insentiv til raskt sal av offentlege eigarandelar og ivaretek korkje dei nasjonale interessene som er tilstades, eller omsynet til kommunale eller fylkeskommunale eigarar som ønskjer eit eigarskap framover.
- d. Mindretalet sitt framlegg gjev rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, og omsynet til effektiv ressursbruk og naudsynte omstillingar. Bykle kommune stør mindretalet sitt framlegg og viser til dei grunngevingar som er gjevne i mindretalsmerknaden.

- e. Den norske stat må sørge for ei avklåring av EØS-avtalen sin innverknad på framtidige konsesjons- og heimfallsreglar.
- f. Saka bør ikkje fremjast for endeleg handsaming før det er gjennomført grundige konsekvensutgreiingar

Med helsing


Kay Jeiskelid
ordførar